Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Seljord

Emne: Helsing m. v.

Bygdelag: Langlim (Langan liom)

Oppskr. av: Olav Bakken

Gard: Bakken

(adresse): Langlim, Flatdal

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Helsing, fakter og Åtferd.

1. Når ja eller nei skulle hva sers vekt- bukka ein med hovudet.
2. Her helsar dei på kjende og ukjende, møte nokon som ikkje helsa att var med eingong om rödt.
3. Den som hadde reist lengste vegen helsa gjerne fyrst - t. d. inne på tunet.
4. Gu dag, gu mâren - litt for alle dette.
5. Helsa litt annsleis på framande, meir med vyrdnad, letta på hetta, hatten meir eller minder.

6-7 Ikkje noko sers.

8. Handhelsing er og var bruka ved fest og lag (gravöl) og når dei kom på vitjing - og somtid då dei reiste att.
9. Ja, einskilde klappa på oksli au.
10. I gravferd og messe lyfter folk vanleg på hatten når kyrkjeklokka högg i - ved åkeren sjeldan og aller.
11. Offast ved å berra hovudet sitt og stå stille
12. Nei.

7626

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13. Gumåren om morgonen utetter til kl. 8
Gudag resten av dagen, Gu kveld og
Go natt om kvelden og seinkveldes.
„Kvelle", svarar stött Knut Flathaugan mig.
14. Ja det høyrest så ovugt ut med
gumåren om kvelden t.d. at me
svarar tidt med noko som høver
betre. – men det bryt og samklangen.
15-16. Nei.
17-18 Desse helsingane med „signe" fyre kan
ein høyre og bruke framleis, men var
nok meir ålmenne fyrr.
Eg råka til å få den svòri av gamle
folk i Omnesdal etter Gudag – „Å Gud
sign!" O. O. Baugerud (1845 – 1937)
19. Ja, gjesten helsa sitt same når han
koma inn „neva" små og store gjerne.
20. Å banke på vert bruka framleis
her i bygdi. Det tyder at dei vil
ha borre ein i tale der i huset, og
då må ein gå ut til han. Det er
vanleg at der står ein stav ved
dyrrne ute så dei har noko å slå
med – elles er knivskaftet og svint
å triva til. Å koma ut og ingen
finne etter ei slik banking, var eit
vondt varsel. På Åkre banka det
på tri vender – men det var no ein
attergangar som skulle ha fatt i
Halvar, husbonden på garden. –
21-22. Bygdefolk bankar aller på dyrrni
fyrr dei går inn – det vert rekna
fantaktig. Men er ein nede i
bygdene må ein ta seg ein ny skikk
og banke på fyrr ein stig innom.

7626

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23. Ja helste det.
24. Bygdefolk tok ikkje av seg hetta.
25. „Sjå du får sita". „Du må finne stolen" Dei der inne snudde då til ein stol, om dei ikkje hadde då sett gesten og plassera stolen fint for seg midt fram på golvet.
26. Var det kjende laut dei snu til stolen sjølv. – Gjerne rydde han for plagg og tøler.
27. Sa namnet sitt og „nevast."
28. Fann fram likaste stolen (Kubbestol, Brugdestol o. l.)
29. Det hende dei leidde dei til sætes.
30. „Du må ha det". „I lige måde." eller „Du da sama."
31. „Du må ha lykke på reisa". „Liva so vel," „Ha takk fe denni gong"
32. Nei – Dette med kyss var ikkje slósa med. (Eg hadde vore trulova eit halvt år fyrr eg våga kyssa guten min!)
33–40 Dei som lærde borni opp i å kyssa både likt og ulikt i tid og utid, vart rekna for noko „ufeiur" og usómelege folk. Byte nase, var kanskje meir ei uskyldig moro med litle små born.
41–43 Dette er kjende ting også her, med go-kjøtje o. l. i heimane med systkin og foreldre.
44. „Til lukke". (lykke) „Gratulerar!
45. Go jol! Godt nyår! God påske! Elles til vanleg Gratulerar! Til lykke!
46. Ikkje noko sers. Meir nytt „hjarteleg samhug".
47. Gjerne nevatakka – eller ved å seia: „takk" – „mange takk" – „tusen takk".

7626
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

48. Å takka for den avlidne er ikkje vanleg no lenger. Den som køyrer liket lyfter på hatten liksom til velfar frå heimen, har eg no sett.

49. Ved å klappa seg bak å skjera ei grimase i andletet. å sputte ut i veret.

50. Alle seier du til kvarandre, det får storfolk også finne seg i her. Den rike storbonden i Heddal var i Drammen og tala med ein grosserar då vart han „neissa" med dette at han bruka du i róda si.
„Når me seie du i fadervår te sjave Vårherre, so kan me vel seia du te deg som a berre ein kramar". „Eg kan handle på andre stellar eg", la han til og kom seg på döri litte fort. —

51. Me seier somtid han og ho i tydingi du. „Kott sei ho te da" „Å han me på da" o. s. v.

21/2-53

Ø. B.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING